



**ÅRSMELDING 2020**

**FOR KONTROLLUTVALET**

**I**

**STORD KOMMUNE**



## 1 **Føremål og oppgaver for kontrollutvalet**

Føremålet med kontrollutvalet sitt arbeid er å medverke til at det vert allmenn tillit til at kommunen sine oppgaver vert løyst på best mogleg måte, og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. I kommunelova finn ein i kap. 23 «Kontrollutvalgets virksomhet». I § 23-1 står det mellom anna:

*«Kommunestyret og fylkestinget velger selv et kontrollutvalg som skal føre løpende kontroll på deres vegne.»*

Oppgåvene til utvalet omfattar alt innanfor kontrollarbeidet, både rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

## 2 **Samansetjing av kontrollutvalet**

Kontrollutvalet for perioden 2019 – 2023 er slik samansett:

Fredrik Litleskare (H)	leiar, og kommunestyremedlem
Stian Djuvslund (FrP)	Nestleiar
Rigmor Svanberg (FrP)	medlem
Astrid-Cecilie F. Aleksandersen (Ap)	medlem
Tore Jubskås (Sp)	medlem

Minst ein av dei valde skal og ha sete i kommunestyret. Fredrik Litleskare er kommunestyremedlem.

## 3 **Om verksemda til kontrollutvalet i 2020**

- Kontrollutvalet i Stord kommune hadde 5 møter i 2020 og handsama 48 politiske saker og 26 referatsaker.
- Ordførar har møterett i kontrollutvalet.
- Rådmann og andre tilsette i kommunen har møtt når dei har vorte innkalla.
- Revisjonen har møtt på alle møta i kontrollutvalet
- Kontrollutvalet har fått tilgang til den informasjonen det vart bede om.

## 4 **Sekretariatsordninga**

I kommunelova § 23-7 står det at kommunestyret skal sørgja for sekretærbistand til kontrollutvalet som tilfredsstillar utvalet sitt behov. Sekretærfunksjonen kan ikkje leggst til kommunen sin administrasjon.

Utdrag frå kommunelova § 23-7:

*Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalget får sekretariatsbistand som tilfredsstillar utvalgets behov. Sekretariatet skal påse at de saker som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet, og at utvalgets vedtak blir iverksatt. Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens administrasjon og av den eller de som utfører revisjon for kommunen.*

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune er også sekretariat for kontrollutvalet i fylkeskommunen, samt kontrollutvala i desse kommunane: Kvinnherad, Bømlo, Fitjar, Tysnes, Austevoll, Bjørnafjorden, Ulvik, Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Øygarden, Samnanger, Vaksdal og Askøy. Dessutan for kontrollutvalet til Bergen kirkelige fellelsråd.

I 2015 vedtok kommunestyret å lysa sekretariatstenester for kontrollutvalet ut på anbod. Etter anbodskonkurranse gjorde kommunestyret slikt vedtak i møte 24.11.16 (sak PS 86/16):

*«Hordaland fylkeskommune (no Vestland fylkeskommune) vert vald til leverandør av sekretariatsteneste for kontrollutvalet i perioden 01.01.2017 til 30.07.2020, med opsjon på ytterlegare 2 år».*

## 5 **Revisjonsordninga og revisjonstenesta**

### **Revisjonsordninga.**

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret ha tilsyn med den kommunale forvaltninga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er å jour og føregår i samsvar med forskrift og vedtak.

Stord kommune har nytta kjøp av revisjonstenester som revisjonsordning frå 01.01.2006.

Revisjonsordninga vart vurdert av kontrollutvalet og kommunestyret hausten 2016, og kommunen valde å halda fram med denne revisjonsordninga.

Revisjonsordninga var på ny på dagsorden i 2020. Kommunestyret gav 24.09.20 (PS 38/20) fullmakt til kontrollutvalet om å gjennomføra konkurranse for ny avtaleperiode, med hadde med eit tilleggspunkt: «Kommunestyret ynskjer at Kontrollutvalet også vurderer om Stord kommune, til liks med Sveio, skal gå inn i Rogaland revisjon. Kommunestyret bed Kontrollutvalet om å komma tilbake med ei eiga sak på dette innan kommunestyremøtet i desember 2020.»

Sak frå kontrollutvalet vart handsama av kommunestyret 17.12.20 (PS 86/20). Det vart vedteke at ein ønskjer å få meire informasjon frå Rogaland Revisjon og at «Fram til ny vurdering, held Stord kommune fram med konkurranseutsetting av revisjonstenestene for kommunen.»

### **Revisjonstenesta.**

Det er KPMG AS som er revisor for Stord kommune i perioden 01.07.2017 til 30.06.2021.

Konkurranse for ny avtaleperiode – frå 01.07.2021 - pågår vinter/vår 2020/2021. Innstilling er tenkt å leggast fram i kommunestyret sitt møte i mai 2021.

KPMG har lagt fram revisjonsmelding, slik kravet er, samt rapportar og annan informasjon om revisjonen sitt arbeid.

*På grunnlag av revisjonen sine rapportar, rekneskapsplan og annan informasjon, har utvalet ført tilsyn med at forvaltninga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomføra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).*

Til dagleg er det den valde revisor som utfører tilsynet og kontrollen mot kommunen, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredstillande utført. Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning. For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med kommunestyret, administrasjonen i kommunen og revisor. Samarbeidet har vore godt med dei aktuelle aktørane. Ansvarleg revisor har vore partner i KPMG Willy Hauge. I tråd med regelverket er eigenvurdering for at KPMG er uavhengig i høve til Stord kommune, lagt fram for kontrollutvalet.

## 6 **Forvaltningsrevisjon.**

Ei av dei viktigaste oppgåvene til kontrollutvalet er å gjennomføra forvaltningsrevisjon av kommunen si verksemd samt med selskap der kommunen har eigarinteresser, og er ei av utvalet sine lovpålagde oppgåver. Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytte for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar.

I kommunelova § 23-2 står det:

Kontrollutvalget skal påse at det gjennomføres forvaltningsrevisjon med kommunens virksomhet samt med selskaper som kommunen har eierinteresser i.

Det står vidare i kommunelova § 23-3:

*Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.*

### **6.1 Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024**

Kommunen skal, etter lova, utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon slik at gjennomføring av forvaltningsrevisjon vert utført på ein planmessig måte og for å sikre at kommunestyret vel ut dei mest relevante prosjekta. Planen skal vere basert på ein risiko- og vesentlegvurdering.

I kommunelova § 23-2 står det:

*Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.*

*Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.”*

På kontrollutvalet sitt møte 11.12.2019 bestilte utvalet oppstart av nytt planarbeid, og ba KPMG gjennomføra risiko- og vesentlegvurderingar i Stord kommune, samt utarbeida forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024.

Plan for forvaltningsrevisjon blei vedteken i kommunestyremøte 24.09.2020. (PS 53/20)

### **6.2 Gjennomføring av prosjekt innan forvaltningsrevisjon**

Pkt. 6.3 og 6.4 gjeld nye forvaltningsrevisjonar.

Pkt. 6.5 og 6.6 gjeld oppfølging av tidlegare leverte forvaltningsrevisjonar.

### **6.3 Forvaltningsrevisjon av Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)**

Kontrollutvalet fekk informasjon om Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) til sitt møte 11.03.20. Kontrollutvalet i Stord kommune tok så initiativ til å få gjennomført denne forvaltningsrevisjonen. Utvalet inviterte samstundes dei samarbeidande kommunane til å vera med på å ha ein sams forvaltningsrevisjon. Det gjeld då desse kommunane, i alfabetisk rekkefølge:

- Bømlo kommune
- Etne kommune
- Fitjar kommune
- Kvinnherad kommune
- Stord kommune
- Sveio kommune

Kontrollutvalet bestilte forvaltningsrevisjon i møte 18.05.20 (sak PS 13/20), der det vart fatta slik vedtak:

1. Kontrollutvalet i Stord kommune vil delta i forvaltningsrevisjon av Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)
2. Kontrollutvalet i Stord kommune godkjenner ein andel på kr. 74.536 basert på kostnadsdeling blant 6 kommunar, der fastpris utgjør halvparten og innbyggartal halvparten av samla kostnad. I tillegg kan det bli kommunevise utgifter til møte og presentasjon av rapporten
3. Kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariatet får fullmakt til å løyva ein høgare sum, dersom det syner seg naudsynt for å få gjennomført forvaltningsrevisjonsprosjektet.
4. Kontrollutvalet tar utgangspunkt i prosjektplanen frå KPMG, og ber om at tal tillitsvalde i intervjurunden vert auka.
5. Kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariatet får fullmakt til å justera problemstillingar, basert på evt. innspel frå dei samarbeidande kommunane.
6. Kontrollutvalet ønskjer at forvaltningsrevisjonsrapport er klar frå KPMG si side, herunder at det som krevst av verifisering og høyring er gjort, innan 15.11.2020.

Alle samarbeidskommunane har slutta seg til bestillinga, som no er eit sams prosjekt for kommunane Etne, Sveio, Kvinnherad, Bømlo, Fitjar og Stord.

Endeleg bestilling vart sendt til KPMG 05.06.20, etter at stadfesting var motteken frå alle kommunane, samt at innspel frå eit par kommunar var handtert.

Av prosjektplanen går fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er todelt:

- Kartleggje under kva rammer FOS opererer
- Kartleggje og vurdere erfaringane med og resultatata til FOS

Av prosjektplanen ser ein og at det er med slike problemstillingar:

#### 1. I kva rammer opererer FOS?

- a. *Korleis er FOS organisert?*
- b. *Kva mål og strategi har FOS?*
- c. *Kva slags budsjett og rekneskap har FOS?*
- d. *Korleis er den økonomiske situasjonen for FOS?*
- e. *Korleis rapporterar FOS til deltakarkommunane?*
- f. *Kva slags informasjon går frå FOS til kommunane?*
- g. *Kva vedtekter har FOS?*
- h. *Kva eigarskapsførignar og eigarskapsstrategiar har deltakarkommunane for FOS?*
- i. *Kva kjørereglar er etablert knytt til bruk av kommunale midlar i FOS?*
- j. *Kva rammar og føringar er etablert for bruk av kommunale ressursar inn i FOS?*
- k. *Kva har vore sentrale aktivitetar i FOS i 2019?*
- l. *Korleis medverkar kommunalt tilsette innan oppvekstområdet i FOS?*

#### 2. Kva er oppnådde resultat og erfaringar med FOS?

- a. *Korleis opplev barnehagane og skulane at kurs- og kompetansehevingstilbodet frå FOS fungerer?*
- b. *I kva grad opplever barnehagane og skulane å få det kurs- og kompetansehevingstilbodet som dei har behov for?*

- c. *Korleis opplever kommunalt tilsette innan oppvekstområdet at deira medverknadsrett blir tatt i vare i FOS?*
- d. *I kva grad blir mål og strategiar etterlevd?*

Kontrollutvalet har fått fleire løypemeldingar undervegs. Rapport skulle opphavleg vera klar på slutten av 2020, men er blitt seinka, og kjem opp til handsaming i 2021.

#### 6.4 **Forvaltningsrevisjon innan beredskap.**

**Kontrollutvalet bestilte forvaltningsrevisjon innan beredskap i møte 15.10.2020 (sak PS 34/20), der det vart gjort slikt vedtak:**

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan beredskap, jmf. prioritert prosjekt nr. 1 i Plan for forvaltningsrevisjon 2020 – 2024.
2. KPMG vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 29.10.2020.
4. Kontrollutvalet gjev leiar i utvalet, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne prosjektplanen.
5. Før godkjenning får utvalsmedlemmane høve til å koma med merknader til prosjektplanen, med relativt kort svarfrist.

**Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:**

*«Føremålet med forvaltningsrevisjonen er todelt:*

- *Kartleggje korleis beredskapsarbeidet i kommunen er organisert*
- *Kartleggje og vurdere i kva grad den kommunale beredskapen er tilstrekkeleg for å kunne handsame krisesituasjonar i høve til beredskap, hendingar og katastrofar.*

*Forvaltningsrevisjonen er retta inn mot kommunen sin organisering av beredskapsarbeid, og om dette arbeidet blir oppfatta som, og er tilstrekkelig, i tråd med føremålet og problemstillingane i denne prosjektplanen.»*

**Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:**

1. **Korleis har Stord kommune organisert sitt beredskapsarbeid?**
  - a) *Korleis er ansvar for førebygging og beredskap fordelt i kommunen?*
2. **Er rutinar, prosedyrar og sentrale styringsdokument i tråd med overordna føringar?**
  - a) *Har kommunen gjennomført og oppdatert sin heilskaplege risiko- og sårbaranalyse og kva områder er del av denne?*
  - b) *I kva grad og korleis gjerer øvingar i forhold til krisehandsaming? I. Innafor kva områder/beredskapssituasjonar?*
  - c) *Kva er innhaldet i beredskapsplanverket og kor ofte evaluerer / oppdaterer ein dei?*
  - d) *Har kommunen en beredskapsplan for IKT, og korleis er denne samordna med anna planverk?*
  - e) *Korleis handsamar kommunen tema som kriseleiing, kommunikasjon, evaluering mv?*
  - f) *Har kommunen inngått og formalisert samarbeidsavtalar med relevante aktørar (private, offentlige, frivillige)?*
3. **I kva grad blir kommunen sitt krise- og beredskapsarbeid innanfor områdene beredskap, hendingar og katastrofar oppfatta som hensiktsmessig?**
  - a) *I kva grad er tilsette gjort kjend med beredskapsplanverk, ansvar og rutinar for handsaming innafor dei ulike områda? I. I tråd med risiko og vesentlegvurdering vil aktuelle områder i denne samanheng mellom anna vere digitale angrep, naturhendingar mv.*

- b) *På kva måte blir det trekt lærdom frå øvingar og hendingar?*
- c) *I kva omfang gis opplæring til dei som har ansvar dersom ei krise skulle skje?*
- d) *Opplever dei som har ansvar for oppgåver dersom kriser oppstår, tryggleik i samband med rutinar og handsaming? I. Aktuelle krisesituasjonar er eksempelvis digitale angrep, naturhendingar mv.*

Rapport vil bli handsama av kontrollutvalet og kommunestyret i 2021.

### **6.5 Forvaltningsrevisjon innan tenestetilbodet som gjeld rus og psykiatri.**

Kontrollutvalet bestilte hausten 2018 **Forvaltningsrevisjon innan tenestetilbodet som gjeld rus og psykiatri overfor aldersgruppa 13 – 30 år.**

Rapport etter forvaltningsrevisjonen vart handsama av kontrollutvalet 14.05.19, som innstilte overfor kommunestyret.

I kommunestyremøte 20.06.2019, sak PS 25/19, fatta kommunestyret slik vedtak

1. På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «Psykisk helsearbeid og rusomsorg» ber kommunestyret rådmannen syta for at
2. Kommunen føretar ei evaluering på om overbygg for psykisk helsearbeid gjeldande for heile kommunen er tilfredsstillande
3. Kommunen gjennomfører brukarundersøkingar jamnare for å få nyttig styringsinformasjon om tenestetilbodet
4. Kommunen implementerer BTI-modellen (betre tverrfagleg innsats) på tvers av tenesteområde og einingar, som kan bidra til å styrke koordineringa og informasjonsflyten mellom tenestene og skape rutinar og system for samarbeidet med fastlegane
5. Kommunen i samarbeid med Helse Fonna HF sørgjer for at det blir utarbeida system for kommunikasjon omkring ikkje-innlagde pasientar med eit tenestetilbod ved distriktpsikiatrisk senter
6. Kommunen i samarbeid med Helse Fonna HF sørgjer for at avtalane om inn- og utskrivning blir praktisert
7. Kommunen utarbeider ei koordinatorhandbok eller andre typar instruksjonsdokument som kan gi koordinatorane støtte i arbeidet med utforming av IP (individuell plan) og i rolla som koordinator
8. Det vert laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.10.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.
9. Handlingsplanen vert lagt fram for politisk behandling i RHO.

Kontrollutvalet hadde 03.12.20 sak om kommunen sin oppfølging av handlingsplan etter denne revisjonen, og fatta slik vedtak i sak PS 43/20:

1. Kontrollutvalet seier seg nøgd med oppfølging av betringsarbeidet som er ferdig gjennomført etter forvaltningsrevisjon av tenester innan psykisk helse og rusomsorg i Stord kommune.
2. Det vert ønskt lukke til med å gje eit heilskapleg overblikk for psykisk helsearbeid, jmf. pkt. 2 i handlingsplanen, med forventning om at den del av arbeidet vert fullført komande år.

### **6.6 Forvaltningsrevisjon om plan- og byggesakshandsaming.**

Kontrollutvalet tok 24.09.19 initiativ til **Forvaltningsrevisjon om plan- og byggesakshandsaming** i sak PS 45/19.

Rapport etter forvaltningsrevisjonen vart handsama av kontrollutvalet 11.03.20 (sak PS 4/20), som innstilte overfor kommunestyret.

I kommunestyremøte 14.05.2020 (sak PS 21/20), fatta kommunestyret slik vedtak:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan plan og byggesakshandsaming ber kommunestyret rådmannen syta for å:

1. Følgje opp og avklare behovet for å implementere eit eige sakshandsamingssystem for byggesakshandtering.
2. Iverksette tiltak for å sikre at avvikssystemet også vert nytta innanfor byggesakshandsaminga.
3. Etablere arbeidsrutinar som sikrar gjennomføring og oppfølging av tilsyn, irekna å vurdere om dei har tilstrekkelig kapasitet for å gjennomføre tilsyn i samsvar med målsetting og regelverk.
4. Etablere og implementere tydelege samhandlingsrutinar mellom Regulering, bygg og Oppmåling (RBO), Stord kommunalteknikk (SKT) og vegmynde.
5. Prioritere arbeidet med å oppdatere det kommunale planverket.
6. Sikre at all relevant rådgjeving og rettleiing vert dokumentert i samsvar med forvaltningslova.
7. Etablere tiltak for å sikre at førebels svar vert sendt ut på alle byggesaker kor sakshandsaminga overgår fire veker.
8. Det vert laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.09.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Handlingsplanen vart handsama av kontrollutvalet i møte 08.09.20 (sak PS 23/20), der det vart fatta slik vedtak:

1. Kontrollutvalet ser positivt på det betringsarbeidet som er satt i gong i samband med forvaltningsrevisjon om plan og byggesakshandsaming
2. Kontrollutvalet ber rådmannen koma med ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til første møte i 2021. Statusrapporten vert å oversenda til sekretariatet innnan 15.01.2021.

Kontrollutvalet vil informera om oppfølgingsarbeidet vidare, i årsmelding for 2021.

## **7 Eigarskapskontroll.**

I den nye kommunelova er selskapskontroll erstatta med forvaltningsrevisjon i selskap, og eigarskapskontroll. Dette står om eigarskapskontroll i lova § 23-2 d:

*Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eierinteresser i selskaper mv.*

Det står i tillegg litt meir utfyllande om eigarskapskontrollen i kommunelova § 23-4:

*Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.*

### **7.1 Plan for eigarskapskontroll.**

Kommunen skal, etter lova, utarbeide ein plan for eigarskapskontroll slik at kontrollen med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap vert utført på ein planmessig måte og for å sikre at kommunestyret vel ut dei mest relevante prosjekta. Planen skal vere basert på ein risiko- og vesentlegvurdering.



Følgjande står om plan for eigarskapskontroll i kommunelova § 23-4:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen

Plan for eigarskapskontroll vart vedteken i kommunestyremøte 24.09.2020. (PS 54/20)

## 7.2 **Prosjekt innan selskapskontroll / eigarskapskontroll.**

Kontrollutvalet gjennomførte **Selskapskontroll av Podlen Verkstad AS** i 2019. Rapporten kom til handsaming i kommunestyret 13.02.2020, (PS 1/20), der det vart fatta slik vedtak:

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Podlen verkstad AS ber kommunestyret rådmannen syta for å:

1. Utarbeida eigarskapsmeldinga etter KS sin oppdaterte rettleiar for selskapsleiing "Anbefalingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll" framfor "KS Eierforum – 19 råd om eigarskap og selskapsleiing".
2. Sikra at styret sin kompetanse er tilpassa verksemda, og sikre at styret jevnlig vurderer eigen kompetanse.
3. Laga ein prioritert handlingsplan til kommunestyret innan 01.05.2020 som visar kva tiltak kommunen skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Podlen verkstad AS ber kommunestyret selskapet syta for at:

1. Generalforsamlinga vedtektsfestar at Podlen Verkstad skal ha ein valkomité.
2. Styret til Podlen Verkstad etablerer faste rutinar for å handtere habilitetskonfliktar.
3. Å Laga ein prioritert handlingsplan til kommunestyret innan 01.05.2020 som visar kva tiltak kommunen skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga

Kommunestyret ber styret i Podlen verkstad AS om å vurdere å implementera følgjande:

3. Podlen verkstad bør etablere overordna mål for verksemda på alle område, inkludert HMS.
4. Å gjera risikovurderingar opp mot alle mål, irekna på personvernområdet. Alle risikovurderingar bør samanstillast i ROS-analysen.
5. Podlen verkstad etablerer eit digitalt, logisk oppbygd internkontroll- og HMSsystem.
6. Podlen verkstad bearbeidar protokollen og personvernerklæringa.

Vedtaket vart endra noko ift. kontrollutvalet si innstilling, bl.a. på desse punkta:

«Pkt 3 i første del og pkt 7 i andre del vert endra frå kontrollutvalet til kommunestyret. Pkt. 3 – 6 vert oversendt styret for vurdering / implementering.»

Vanlegvis er det kontrollutvalet som påser at vedtak som kommunestyret treff ved handsaming av revisjonsrapportar vert følgt opp, jmf. kommunelova § 23-2, 1. lekk pkt. e. Det er litt usikkerheit forbunde med oppfølging av denne rapporten, ettersom kommunestyret aktivt

ønskte at handlingsplanane som er omtalt skulle gå til kommunestyret og ikkje til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet er kjent med kommunestyresak 14.05.2020 (PS 26/20) om «Revidering – Eigarskapsmelding 2020-2021».

Handlingsplan frå rådmannen låg som vedlegg til denne saka, og følgjande vart omtalt i saksframlegget:

«Det er gjort nokre endringar i eigarskapsmeldinga. Endringane er primært knytt til Del I. Bakgrunnen for endringane er at Kontrollutvalet, v/KPMG, gjennomførte ein selskapskontroll av Podlen Verkstad AS i 2019. I tilrådingane frå KPMG til Stord kommune stod det:

«Tilrådingar til Stord kommune

1. Kommunen bør utarbeida eigarskapsmeldinga etter KS sine oppdatert rettleiar for selskapsleiing "Anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll» framfor KS Eierforum – 19 råd om eigarskap og selskapsleiing
2. Kommunen bør sikra at styret sin kompetanse er tilpassa verksemda, og sikre at styret jamleg vurderer eigen kompetanse.»

I høve til pkt. 1, er Del I revidert i tråd med KS sin oppdaterte rettleiar. Endringane er ikkje store, men råda har gått frå 19 til 21 pkt. Råda er sett saman noko annleis, men innhaldet er mykje det same. Dei nye råda har likevel eit større fokus på styra. Det er egne tilrådingar om registrering av styreverv og samansetjing av styret, sjå tilrådingane pkt. 9. og 17. Det er også råd om gjennomføring av generalforsamlingar og representantskapsmøter, sjå pkt. 8. Elles er det eit nytt pkt. om arbeidsgjevartilhøyrse i sjølvstendige rettssubjekt, sjå pkt. 18.

I høve til pkt. 2 i tilrådingane frå KPMG, er tilrådinga søkt stetta ved å implementere eit punkt om etablering av prosedyrar for å sikra rett kompetanse i styre, i eigarskapsmeldinga Del 1, sjå pkt. 12. I dette punktet står det:

«Eigar har ansvar for å sikra at styret har den naudsynte kompetansen for å nå selskapet sine mål. Stord kommune ber difor om at styret sjølv jamleg å vurderer eigen kompetanse ut frå eigar sitt føremål med selskapet. Det vert bedt om at styret etablerer følgjande prosedyrar:

- Fastset styreinstruks og instruks for dagleg leiar med særleg vekt på ei klar intern ansvars og oppgåvefordeling
- Årleg gjer ei eigenevaluering
- Vurderer behovet for ekstern styreopplæring. Nye styremedlemmer skal gjevast opplæring om ansvar, oppgåver og rollefordeling
- Gjennomføra egne styreseminar om roller, ansvar og oppgåver - Fastsetja ein årleg plan, herunder møteplan, for sitt arbeid med vekt på mål, strategi og gjennomføring
- Gjera greie for selskapet si styring og leiing i ein årsrapport.»

Det vil også i løpet av våren 2020, truleg 18.05.20, verta tilbydd styrekurs i regi av KS konsulent. Kurset er eit ettermiddagskurs på tre timar og vil verta gjennomført av seniorrådgjevar Arild Sørum Stana. Grunna korona-pandemien kan det verta aktuelt å gjennomføra opplæringa digitalt.»

Kan ikkje sjå at det er nokre titlar på politiske saker eller referatsaker etter 01.05.20 som indikerer at handlingsplan frå selskapet er lagt fram for kommunestyret, men den kan jo vera oversendt kommunestyret på anna vis, utan at kontrollutvalet er kjent med det.

Til kommunestyret sitt møte 17.12.2020 var saka «Orientering om kontrollutvalet si rolle og ansvar for kommunestyret» sett opp (OS 12/20). Orienteringa vart flytta til første fysiske kommunestyremøte. Når den kjem opp att kunne det bl.a. vore av interesse å ha ein forventningsavklaring om oppfølging av revisjonsrapportar ved slike høve.

## 8 **Arbeid med rekneskapsrevisjon. Den økonomiske situasjonen i Stord kommune.**

Revisjon av årsrekneskapen er ein heilt sentral del av eigenkontrollen i kommunen. Revisor skal gje tryggleik for at ein kan stole på informasjonen kommunen gjev om økonomien sin.

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen blir revidert på ein forsvarleg måte. Utvalet er difor avhengig av at revisor i tilstrekkeleg grad rapporterer om revisjonsarbeidet. At kontrollutvalet og revisor har ein god dialog og god forståing av sine oppgåver, er viktige føresetnader for å skape tryggleik for at revisjonsarbeidet blir forsvarleg utført.

I kommunelova § 23-2 står mellom anna dette:

*Kontrollutvalget skal påse at*

- a) *Kommunen eller fylkeskommunen sine årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte*

Dette står om rekneskapsrevisjon i forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3:

*Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at*

- a) *Kommunen eller fylkeskommunen sine årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) *Regnskapsrevisjonen blir utført i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor*
- c) *Regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravet i kapittel 2 og 3*

*Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak.*

Det er viktig å påpeike at revisjon og uttale til årsrekneskap for 2019 vart handtert etter førre kommunelov, og dermed også etter forskriftene som følgde av den lovutgåva. Uttalen er dermed berre utarbeidd for årsrekneskapen.

### 8.1 **Rekneskap for Stord hamnestell for 2019:**

Rådmann, økonomisjef og einingsleiar var tilstades, og svara på spørsmål frå kontrollutvalet, då årsrekneskapen vart handsama i møte 18.05.20. som sak PS 8/20.

Rekneskapen for 2019 syner driftsinntekter på kr. 10.209.043 og eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr. 390.452.

Partner Willy Hauge i KPMG fortalde at det var levert ei «rein» revisjonsmelding, men at Det er selt driftsmidlar for kr. 200.000 som ikkje er teken ut av balansen. Det er ein svakheit i rutinen som er omtalt i brevform. Dette vil bli retta opp i årsrekneskapen for 2020.

Følgjande uttale vart fatta:

1. *Kontrollutvalet støttar seg til KPMG sin uttale om den økonomiske situasjonen for Stord hamnestell for året 2019, og har ikkje øvrige merknader til denne enn dei som er omtalt i saksframlegget.*
2. *Uttalen vert send kommunestyret via utval for plan og utvikling.*

### 8.2 **Årsrekneskap for Stord kommune for 2019:**

Kontrollutvalet handsama i møte 18.05.2020, i sak PS 9/20, årsrekneskapen i Stord kommune for 2019. Rådmann Magnus Mjør og økonomisjef Hege Etterlid orienterte i saka og svara på spørsmål frå kontrollutvalet. Det vart mellom anna gjeve slik uttale til rekneskapen:

Av rekneskapen for 2019 har kontrollutvalet merka seg at netto driftsrekneskap er positivt med kr. 38.414.683 dvs. netto resultatgrad på 2,49 % (Sett opp mot sum driftsinntekter).

Gjennomsnitt for alle kommunane i Noreg (utanom Oslo) ligg ifølgje opplysningar frå SSB på nettoresultatgrad på 1,7 % i 2019. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 % for å ha ei forsvarleg økonomisk drift.

Kontrollutvalet hadde bl.a. dette med i oppsummering i sin uttale:

- Totalt sett har Stord kommune ei særstør lånegjeld og eit disposisjonsfond monaleg under tilrådingar frå Riksrevisjonen.
- Netto driftsresultat er i 2019 over tilrådinga frå Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU).

## **9 Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)**

FKT er ein landsomfattande organisasjon som har som oppgåve å vera møte- og kompetanseplass for kontrollutvala og deira sekretariat. Kontrollutvalet i Stord kommune er medlem i FKT, og deltar vanlegvis på årleg fagkonferanse med årsmøte, i månadsskiftet mai / juni. I 2020 vart konferansen avlyst som følgje av koronaen, medan årsmøtet vart gjennomført digitalt.

Nyheitsbrev frå FKT med aktuelle tema for kontrollutvalet sitt arbeid er og lagt fram som melding til kontrollutvalet. Det same gjeld vegleiarar som FKT utarbeidar.

## **10 Opplæring**

Som del av revisjonsavtalen sin fastpris, skal revisor tilby lokale kurs etter bestilling frå kontrollutvalet. KPMG har hatt eit kurs om kommuneøkonomi for kommuneadministrasjonen, og kontrollutvalet bestilte i 2020 eit tilsvarande kurs som skulle gjennomførast i 2021.

Vidare deltok heile det nye utvalet på folkevaldopplæring for dei kommunale kontrollutvala i tidlegare Hordaland fylke, som Vestland fylkeskommune v/ sekretariat for kontrollutvalet arrangerte i februar 2020.

Kontrollutvalet brukar og å delta på NKRF sin årlege kontrollutvalskonferanse på Gardermoen i månadsskiftet januar / februar.

## **11 Kontrollutvalet på Stord kommune si heimeside**

Kontrollutvalet nyttar elektronisk innkalling til møter og utsending av saker. For å samordna kontrollutvalet si sakshandsaming med øvrige politiske møter, er det viktig å henta aktuelle dokument, og å kunna finna opplysningar lett tilgjengeleg på heimesida til kommunen.

Stord kommune har tilrettelagt og tilpassa heimeside på ein god måte for kontrollutvalet sine saker. Det var gjennomgang og oppdatering av innhaldet på heimesida i 2020.

## **12 Tilsyn.**

Det er fleire eksterne instansar som har tilsyn med kommunane. Kontrollutvalet har bede rådmannen om oversikt over slike tilsyn som vart utført i 2020. Desse vil bli lagt fram for kontrollutvalet i møte 19.04.21. Sidan tilsyna gjeld 2020, vert dei nemnt her. Nokre tilsyn gjeld 2019 men rapportar har vore følgt opp i 2020:

- Fylkesmannen og brann og redningsetatane
  - Brannar i avfallsanlegg – inspeksjon ved SIM Svartasmåget miljøsentral

- Arbeidstilsynet
  - Forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontraktar kjem m.a. til bruk for kommunale verksemdar som tildeler tenestekontraktar og bygge- og anleggskontraktar som overstig 2,05 million kroner ekskl. mva.
- Arbeidstilsynet
  - Om eigne og andre arbeidstakarar blir utsette for helseskadeleg eksponering for asbestfibrar.
- Tilsynsutvalet Stord sjukeheim
  - Formål bl.a. om å bli kjent med leing og organisering ved Knutsaåsen omsorgssenter
- Haugaland Kraft Nett AS
  - Kontroll av anlegg – Hagerupshuset Borggata 1
- Fylkesmannen
  - Grunnskuleopplæring for vaksne
- Stord brann og redning.
  - Branntilsyn den 06.12.2019 ved Rommetveit skule, jf. Lov av 14. juni 2002 nr. 20 (brann- og eksplosjonsvern lova) § 13 andre ledd og Forskrift om brannforebygging av 01.01.2016.
- Stord brann og redning.
  - Branntilsyn den 14.11.2019 i Tjødnalio barnehage, jf. brann- og eksplosjonsvern lova § 13, 2. ledd.

### **13 Andre saker / orienteringssaker i kontrollutvalet i 2020 (Ikkje uttømmande)**

- Budsjettbrev 2020 frå Fylkesmannen i Vestland til Stord kommune
- Rekneskapsrapport for kontrollarbeidet i 2019
- Budsjettstode for kontrollutvalet sitt budsjett for 2020
- Reglement for kontrollutvalet.
- Forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Stord kommune for 2021
- Årsmelding 2019 for kontrollutvalet
- Vurdering av revisjonsordning.
- Konkurranselov om revisjonstenester - om fullmakt, konkurransegrunnlag og utlysing.
- Revisjonsplan, interimsrevisjonsrapport og forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga.
- Henvendingar frå innbyggjarar.
- Henvending frå Sameige Leirvik Brygge, bl.a. om kommunen si oppfølging av henvendingar.
- Kontrollrapport 2019 vedrørande skatteoppkrevjarfunksjonen for Stord kommune. (Innkrevingsarbeidet er no blitt statleg).
- Orientering om personalsituasjonen hjå KPMG innan forvaltningsrevisjonsarbeidet.
- Informasjon om revidert eigarskapsmelding.

Stord, 19.04.2021

Fredrik Litleskare  
Kontrollutvalsleiar Stord kommune

Kontrollutvalet  
c/o Sekretariat for kontrollutvalet  
Vestland fylkeskommune  
Postboks 7900, 5020 Bergen  
e-post: [hogne.haktorson@vlfk.no](mailto:hogne.haktorson@vlfk.no) | Mob. 911 05 982  
e-post: [roald.breistein@vlfk.no](mailto:roald.breistein@vlfk.no) | Mob. 975 05 152  
e-post: [kjartan.haugnes@vlfk.no](mailto:kjartan.haugnes@vlfk.no)  
e-post: [helge.inge.johansen@vlfk.no](mailto:helge.inge.johansen@vlfk.no)  
e-post: [einar.kare.ulla@vlfk.no](mailto:einar.kare.ulla@vlfk.no)  
e-post: [kontrollutvalet@vlfk.no](mailto:kontrollutvalet@vlfk.no)